



Styremøte 04.01.2012 kl. 1900

Tilstades: Kjell Eknes, Oddbjørn Sande, Jan Kauppi, Svein Hove og Kirsti Gulbrandsen.

Forfall: Jonny Asperheim, Bjørn Hylland

Sakliste:

1. MANGLANDE BETALIG FRÅ MEDLEM

Saka er løyst med omsyn til fjerning av båten. Om vedkomande vil gjere opp for seg står att å sjå. Styret tek ikkje fleire initiativ no.

2. Årsmøte

Årsmøtet vert på Klingenberg Hotell **onsdag 15.02.2012 kl1800.**

Innkalling må sendast ut 3 veker før møtet.

3. Dugnad etter Dagmar og dugnad generelt.

Dagmar gjorde seg til i båthamna og. Spesielt bølgebrytaren hadde behov for tiltak. Det vart ringt rundt til medlemmer, heimesida og epost vart nytta i von om at nokon ville hjelpe til. Det var svært liten respons.

Dugnad og organisering av dette vil verte eit tema på årsmøtet. Eit alternativ som må drøftast er betaling slik at ein får råd til å leige inn mannskap i kriser/ekstraordinære hendingar. Skadene etter Dagmar førde til at dette er meldt som forsikringssak.

4. Årsoppgjør og Årsregnskap

Kjell la fram resultatet for 2011. Det vart noko diskusjon om korleis ein kan få kostnaden mot Telenor redusert. Kjell og Svein tar dette vidare.

Årsoppgjer og årsregnskap vert sendt til revisor.

5. Flytebrygge

Flytebrygge er bestilt, men dato for mottak er ikkje klart. I det høvet vert det behov for mannskap for montering. Styret drøfta dette, og vil ta saka opp på årsmøtet.

Neste styremøte er onsdag 01.02.2012 kl 1900 i Saltviki.

Møtet slutt 2045

sjh